

Arkivnr: 2016/7780-2

Saksbehandlar: Ronny Skaar

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		23.05.2017

**Carte Blanche AS. Oppnemning av styreleiar og eitt styremedlem****Samandrag**

Hordaland fylkeskommune skal nemna opp ny styreleiar og eitt styremedlem til styret for Carte Blanche AS. Dette ansvaret vart overført til fylkeskommunen i samband med regionreforma i 2010.

**Statlege føringar for val av styrerepresentantar**

I St. meld. nr. 12 (2006-2007) «Regionale fortrinn – regional framtid», vart det føreslege at regionane frå 2010 skal ha eit større ansvar for å oppnemna styreleiar og styrerepresentantar til region-/landsdelsinstitusjonar og knutepunkt frå 2010. Stortingets drøfting av St.meld. nr. 12 (2006-2007) ga støtte til framlegget om å gje regionane større innverknad på dei lokale og regionale kulturinstitusjonane gjennom auka styrerepresentasjon og oppnemning av styreleiar, jf. Innst. S. nr. 166 (2006-2007).

Dette er nærare omtalt i St. meld nr. 10 (2007-2008) Knutepunkt:

*Hovedregelen skal være at det nye regionale forvaltningsnivået skal ha ansvar for å oppnevne styreleder og eventuelt noen eller alle styremedlemmene, men at regjeringen i særskilte tilfeller kan fravike denne regelen. I hvert enkelt tilfelle må en gjennomgå og ta stilling til endelig fordeling.*

Ein føresetnad for overføring av ansvaret for oppnemning av styrerepresentantar og styreleiar var at fylkeskommunen og selskapet skulle bli involvert i samband med val av styrerepresentantar.

Departementet understreka viktigheita av at det oppnemnast kompetente styre, slik at styret som kollegium har brei kompetanse, både når det gjeld verksemda sine faglege oppgåver og dei økonomiske og administrative oppgåvene.

Kulturdepartementet streka under at det framleis «*må legges stor vekt på å oppnevne kompetente styre som kan følge opp at forutsetningene for statstilskuddet til institusjonene blir oppfylt*». Vidare må det takast omsyn til kjønnsbalanse og habilitet. Mellom anna har staten lagt til grunn at sittande stortingsrepresentantar ikkje bør ha styreverv i statleg eigde institusjonar.

Dersom fylkestinget nemnar opp ein styreleiar kandidat som i dag sit i styret for Carte Blanche, må det oppnemnast ein ny styrerepresentant som erstattar denne.

**Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget gjer slikt framlegg om styreleiar for Carte Blanche:
2. Fylkestinget gjer slikt framlegg om eitt styremedlem for Carte Blanche

3. Dersom framlegget i pkt 1 gjeld person som allereie sit i styret, gjer Fylkestinget framlegg om eitt nytt styremedlem, slik:

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
Fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*